

Ove Georg Hvidsten
Kvamsvegen 62
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/942 - 21/33240

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no

Dato:
18.05.2021

Landbruksak GBNR 143/1 Håland - Svar på søknad om bygging av landbruksveg

Administrativt vedtak: Saknr: 581/21

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Ove Georg Hvidsten løyve til bygging av omsøkt veg på 143/1 Håland.

Vilkår

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune varslast
- Vegen skal byggast som omsøkt.
- Løyver, fullmakter og nabovarslar må vera til stades før bygging kan settast i gong
- Vedtaket er gyldig til 31.06.2024
- Når skogen skal takast ut må det ikkje gjerast inngrep som påverkar verneområdet (i form av avrenning eller annan påverknad) utan at dette er avklart med vernemynde. Dette gjeld både tiltak inne i reservatet og i nærområde til reservatet jf § 49 i Naturmangfaldlova. Før hogst som kan påverka vernområda skal Statsforvaltaren i Vestland kontaktast for vurderingar rundt hogst og metodar.
- Ved arbeid med vegen og massetak må ein sikra mot uønskt avrenning mot naturreservatet og nedbørsmyra med for eksempel fangdammar.

Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyvet fell løyvet bort jf. forskrift 2015- 05-28-550, paragraf 3-2.

Saka gjeld

Ove Georg Hvidsten søker om å bygge ca 600meter med landbruksveg i vegklasse 3, landbruksvegforskrifta. Vegen skal gje tilkomst til hogstmoden skog på egen eigedom og naboeigedommar. Estimert kostnad er ca kr 900 000,-
Massetak vert tatt ut ved traseen.

VURDERING:

Formålet med denne forskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilhetsløsninga. Det skal samtidig leggast vekt på hensynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa.

Vegen og snuplass/velteplass skal i denne saka gje tilkomst og rasjonell hogst av skog på eigen eide dom og naboeide dommar og er såleis i tråd med føremålet.

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna sjekka areala i Naturbase, gardskart og Artsdatabanken. Det er ikkje gjort funn i sjølve traseen, men i nærlieken er det både naturreservat og oseanisk nedbørsmyr.

Det er og mykje friluftsinteresser i området og det er viktig at vert vist omsyn til desse under arbeida med vegen og hogst.


Saka har vært på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune v/kulturavdelinga. Sjå vedlegg for svar frå alle partane.

Svar frå Statsforvaltaren i Vestland:

Når skogen skal takast ut må det ikkje gjerast inngrep som påverkar verneområdet (i form av avrenning eller annan påverknad) utan at dette er avklart med vernemynde. Dette gjeld både tiltak inne i reservatet og i nærområde til reservatet jf. § 49 i Naturmangfaldlova.

Det er med dette ikke sagt at det ikkje skal takast ut skog i/ nær verneområdet, men evt. uttak, og metodikk som nyttast må altså avklarast på førehand med vernemynde, som er Statsforvaltaren i Vestland.

Verneforskrifta for naturreservatet kap. V punkt 5 opnar for «hogst og uttak av eksisterande furuplanting i tida 1. november – 1. mars». Vi vurderer det som naturleg å inkludera tilsvarende praksis for granplantefelt, men då med vilkår om at det ikkje kan plantast til innafor naturreservatet etter hogst jf. verneforskrifta kap. V.



Bilde naturreservat og Oseanisk nedbørsmyr.

Regelverk

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier

Naturmangfaldlova

Forvaltningslova

Kulturminnelova

Offentlegheitslova

Privatrettslege tilhøve

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal også ha løyve i frå den som eige grunnen. At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglante privat rett. Ein eventuell manglante privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpe med.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagan er postlagt innan fristen går ut. Klagan skal sendast skriftleg til kommunen. I klagan skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagan skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/942

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Uttale - søknad om bygging av landbruksveg - Alver - 143/1 Håland
Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg og etablering av jordtipp planeringsfelt - gbnr 143/1
Håland
Søknad om bygging av landbruksveg - gbnr 143/1 Håland - uttale kultur

Mottakarar:

Kristian Nordalen
Ove Georg Hvidsten

Kvamsvegen 62 5911 ALVERSUND